


Informasjon om inntak til vidaregåande opplæring med søknadsfrist 1. februar



**Skuleåret
2020/2021**

Innhald

Innhald	1
Kven kan søkje om inntak 1. februar?	2
1. Søkjarar med fortrinnsrett	2
A. Søkjarar til eit særskilt utdanningsprogram på Vg1 § 6-15	2
B. Søkjarar med sterkt nedsett funksjonsevne § 6-17 (Vg1)	3
C. Søkjarar med rett til opplæring i eller på teiknspråk § 6-18	4
D. Fortrinnsrett for søkjarar med vedtak om utvida tid §§ 6-19, 6-32	6
2. Individuell behandling	7
A. Søkjarar til Vg1 som har rett til spesialundervisning og manglar vurdering med karakter i meir enn halvparten av faga § 6-22	7
B. Søkjarar som av andre særlege grunnar må behandlast individuelt §§ 6-25 og 6-38	8
C. Søkjarar til Vg2/Vg3 med enkeltvedtak om spesialundervisning eller planlagd grunnkompetanse § 6-35	8
D. Minoritetsspråklege søkjarar	9
Spesielle tilbod med frist 1. februar	10
Avdeling Kyrre og avdeling Valekrossen	10
Nettbasert opplæring, Fyllingsdalen vgs.	10
Korleis søkje?	11
Sjekkliste: søkjargruppe, digitalt skjema og vedlegg	12

Kven kan søkje om inntak 1. februar?

Hovudregelen i søknad om inntak til vidaregåande skule er at alle søkjer på karakterpoeng. Ikkje alle har dei same føresetnadene for å bli tatt inn i den vidaregåande skulen med utgangspunkt i karakterpoeng. Nokre søkjarar har fortrinnsrett etter visse vilkår i opplæringslova, og konkurrerer ikkje om plass ut frå oppnådd poengsum. Søkjarar kan også bli tatt inn etter individuell behandling dersom dei fyller vilkåra. Søknadsfristen for desse søkjargruppene er *1. februar*.

Vi kan dele søkjarar til 1. februar i to grupper (sjå forskrift til opplæringslova § 6-8):

1. Søkjarar med *fortrinnsrett*
2. Søkjarar til *individuell behandling* (inkl. minoritetspråklege søkjarar)

Alle som skal søkje til vidaregåande opplæring med frist 1. februar skal søkje på vigo.no, og i tillegg må søkjarar til Vg1 fyller ut eit digitalt skjema med fleire opplysingar. Sjå på tabellane på s. 11 («sjekklister») for ei oversikt over grupper og vedlegg.

Vi gjer merksam på at søkjarar med ungdomsrett har rett til inntak på eitt av tre valde utdanningsprogram, men ikkje til ein bestemt skule. Skuleplassering kan *ikkje* påklagast (sjå forskrift til opplæringslova §6-10).

1. Søkjarar med fortrinnsrett

I denne gruppa er det fire søknadskategoriar:

A. Søkjarar til eit særskilt utdanningsprogram på Vg1 § 6-15¹

Det er to vilkår som må vere oppfylte for å kunne søkje med denne fortrinnsretten:

- Omfattande behov for spesialundervisning
Når ein skal vurdere behovet skal ein sjå på: innhald, omfang og organisering i spesialundervisninga, og kva type kompetanse som trengs i opplæringa.
- Særleg behov for inntak til eit særskilt utdanningsprogram
Inntak til eit særskilt utdanningsprogram skal kunne betra søkjaren sin sjanse for fullføring med yrkes- eller studiekompetanse.

Inntak etter denne fortrinnsretten krev ei sakkunnig vurdering etter § 6-16 i forskrifta. I vidaregåande opplæring er det den fylkeskommunale PP-tenesta som er sakkunnig instans. Søkjar har rett til inntak til det bestemte utdanningsprogrammet på Vg1 dersom søkjar har valt på grunnlag av, og i samsvar med, den sakkunnige vurderinga.

Saksgong i innsøkinga

- Skulen skal melde søkjarane til Opplæringsavdelinga innan 1. oktober 2019 for skuleåret 2020/2021 (meldeskjema)
- Opplæringsavdelinga skal vurdere om meldinga oppfyller vilkåra etter forskrifta. Dersom meldinga oppfyller vilkåra skal Opplæringsavdelinga sende han vidare til fylkeskommunal

¹ Sjå opplæringslova §3-1 sjetle ledd og forskrift til opplæringslova § 6-15

PPT for sakkunnig vurdering. Dersom meldinga ikkje oppfyller vilkåra skal Opplæringsavdelinga sende skriftleg melding til skulen med tilråding til rett type inntak (t.d. etter § 6-22, § 6-25 i forskrifta, eller til ordinært inntak)

- Fylkeskommunal PPT skriv sakkunnig vurdering etter § 6-16 i forskrifta
- Søkjaren må registrere søknaden på vigo.no og i tillegg sende digitalt skjema innan 1. februar

Vedlegg til digitalt skjema

- Sakkunnig vurdering frå fylkeskommunal PPT etter § 6-16 i forskrifta
- Siste enkeltvedtak om spesialundervisning etter opplæringslova § 5-1
- Sakkunnig vurdering frå PPT-grunnskule om rett til spesialundervisning etter opplæringslova § 5-1, som gjeld for 10. trinn
- Siste IOP
- Karakterutskrif

Søkjarar i denne gruppa får vedtak om inntak før det ordinære inntaket, i siste halvdel av mai.

B. Søkjarar med sterkt nedsett funksjonsevne § 6-17² (Vg1)

Denne fortrinnsretten gir søkjarar som treng omfattande tilrettelegging på vidaregåande skule høve til å søkje på ein skule som er særskilt tilrettelagt. For denne gruppa er organisering av opplæringa viktigare enn val av utdanningsprogram. Merk at søkjaren ikkje har rett til inntak på ein bestemt skule.

Det er fire vilkår som må vere oppfylt for å kunne søkje med denne fortrinnsretten:

- Vedtak om spesialundervisning
- Sterkt nedsett funksjonsevne
- Må på grunn av den sterkt nedsette funksjonsevna ha eit særleg behov for å gå på ein skule som er særskilt tilrettelagt
- Må ha dokumentasjon av dei særlege behova til søkjaren

Det er ikkje behov for ny, eiga sakkunnig vurdering om inntak til vidaregåande skule for denne gruppa søkjarar.

Innsøking for søkjarar til Vg1

- Skulen skal melde søkjarane til Opplæringsavdelinga innan 1. oktober 2019 for skuleåret 2020/2021.
- Søkjaren må registrere søknaden på vigo.no og sende digitalt skjema innan 1. februar.

Vedlegg til digitalt skjema

- Siste enkeltvedtak om spesialundervisning etter opplæringslova § 5-1
- Sakkunnig vurdering frå PPT-grunnskule om rett til spesialundervisning etter opplæringslova § 5-1, som gjeld for 10. trinn
- Siste IOP
- Karakterutskrift

Søkjarane har rett til inntak til eit av tre utdanningsprogram. Vedtak om inntak kjem i siste halvdel av mai.

² Sjå forskrift til opplæringslova § 6-17

Inntak med denne fortrinnsretten betyr at eleven vil få enkeltvedtak om spesialundervisning på vidaregåande skule. Dette krev tilvising til fylkeskommunal PP-tenesta. Tilvisinga skal sendast i samarbeid med den vidaregåande skulen som eleven vil få plass på, i løpet av våren.

Organisering av opplæringa

I hordalandsregionen kan ein organisere opplæringa for elevar med sterkt nedsett funksjonsevne i to ulike grupper etter opplæringsbehova og etter vedtak om spesialundervisning:

- **Spesialundervisning med opplæring i lita gruppe HTH (kvardagslivstrening)**
Opplæringa er tilrettelagt for elevar med store hjelpebehov og med rett til omfattande spesialundervisning. Målet er at elevane skal få betre kompetanse til å meistre ein framtidig tilrettelagt arbeids-, bu- og fritidssituasjon. Opplæringa skal mellom anna kvalifisere for eit meir sjølvstendig liv. Den sakkunnige vurderinga frå fylkeskommunal PPT vil vere retningsgjevande for tilrettelegginga og innhaldet i opplæringa. Opplæringa er tilpassa den einskilde eleven, og det vil bli utarbeidd IOP. Målgruppa er elevar som har behov for eit varig tilrettelagt omsorgstilbod. Ein kan søkje om inntak til dei utdanningsprogramma som skulen har.
- **Spesialundervisning med opplæring i lita gruppe HTA (arbeidslivstrening)**
For nokre elevar vil det vere aktuelt å få opplæring med mål om kompetanse for å kunne meistre tilrettelagt arbeid på ein ordinær arbeidsplass, eller i ei vekstbedrift. Fylkeskommunen gjer avtalar med vekstbedriftene om utprøving. Den sakkunnige vurderinga frå fylkeskommunal PPT vil vere retningsgjevande for tilrettelegginga og innhaldet i opplæringa. Det vil bli utarbeidd IOP for kvar elev. Ein kan søkje om inntak til dei utdanningsprogramma som skulen har.

Søklarane har høve til å melde ønskje om slik organisering av opplæringa i digitalt skjema.

Innsøking for søkjarar til 2. og 3. år

Alle skal søkje elektronisk på vigo.no.

Den vidaregåande skulen sender liste over dei elevane som skal halde fram på same skule, same utdanningsprogram og same type gruppe. Mal for lista ligg i kvalitetsportalen. Elevane treng ikkje sende digitalt skjema, berre elektronisk søknad på vigo.

Dei som skal bytte skule og/eller type gruppe, og ungdommar som ikkje er i vidaregåande skule inneverande år, må i tillegg til elektronisk søknad på vigo sende digitalt skjema.

C. Søkjarar med rett til opplæring i eller på teiknspråk § 6-18 ³

Søklar med teiknspråk som førstespråk og med rett til opplæring i eller på teiknspråk etter opplæringslova §§ 2-6 og 3-9, kan søkje om inntak til eit teiknspråkleg miljø. Ein kan søkje på ein knutepunktskule eller om opplæring med tolk på ein ordinær vidaregåande skule (sjå § 6-18 og §§ 6-40 til 6-43 i forskrifta).

³ Sjå opplæringslova § 3-9 og forskrift til opplæringslova § 6-40, §§ 6-18 og 6-31

Søkjar har rett til eitt av tre valde utdanningsprogram. Retten til opplæring i og på teiknspråk avgrensa til dei utdanningsprogramma som knutepunktskulen Nordahl Grieg vidaregåande skole og samarbeidsskulane Sandsli, Stend, Slåtthaug og Årstad vgs (KDA og DH) gir.

Søknaden krev sakkunnig vurdering etter § 6-41 i forskrifta. Det er fylkeskommunal PPT som er sakkunnig instans. Skulen gir melding om søkjarar etter § 6-18 til Opplæringsavdelinga innan 1. oktober 2019, og fylkeskommunal PPT utarbeider ei sakkunnig vurdering dersom vilkåra for inntak til knutepunktskule er oppfylte (sjå forskrift § 6-40 og § 6-18).

Søkjar må føre opp i søknaden om han eller ho ønskjer vidaregåande opplæring på ein knutepunktskule, eller på ein ordinær vidaregåande skule med tolk. Søkjaren må ha valt i samsvar med den sakkunnige vurderinga.

Saksgong i innsøkinga

- Skulen skal melde søkjarane til Opplæringsavdelinga innan **1. oktober** for skuleåret 2020/2021.
- Opplæringsavdelinga sender tilvising til fylkeskommunal PPT i samarbeid med søkjaren
- Fylkeskommunal PPT skriv sakkunnig vurdering etter § 6-41 i forskrift til oppl.
- Søkjaren må registrere søknaden på vigo.no og fylle ut digitalt skjema innan 1. februar.

Vedlegg til meldinga

- Sakkunnig vurdering etter § 2-6 i opplæringslova
- Enkeltvedtak om teiknspråkopplæring etter § 2-6 i opplæringslova
- Karakterutskrift

Vedlegg til digitalt skjema

- Sakkunnig vurdering i samsvar med forskrift § 6-41 i opplæringslova
- Karakterutskrift
- Enkeltvedtak om teiknspråkopplæring etter § 2-6 i opplæringslova
- Ev. enkeltvedtak om spesialundervisning etter § 5-1 i opplæringslova
- IOP

Butilbod med sosial-pedagogisk oppfølging

Elevar som søker inntak etter § 6-18 og som må flytte heimanfrå for å kunne gå på knutepunktskulen, kan søkje om sosialpedagogisk butilbod (sjå forskrift § 19-5) på digitalt skjema. Det er også ein eigen rubrikk for avkryssing i det digitale skjemaet. Fylkeskommunal PPT gjer ei sakkunnig vurdering om behov for butilbod.

Søkjarar med nedsett hørsel til Vg1 utan rett etter § 3-9

Søkjarar med nedsett hørsel som ikkje har teiknspråk som førstespråk, men som på grunn av hørselshemminga likevel har behov for opplæring på ein knutepunktskule, kan søkje inntak etter individuell vurdering (sjå forskrift § 6-25).

Vedlegg til digitalt skjema

- Fråsegn frå s kjaren om bakgrunn for s knaden og plan for vidare skulegang
- Audiogram
- Ev. anna relevant dokumentasjon

Dersom ein s kjer til eit utdanningsprogram som ein av samarbeidsskulane har, s kjer ein til denne skulen p  vigo.no. I det digitale skjemaet skriv ein Nordahl Grieg vgs.

Inns king for s kjarar til Vg2/Vg3 p  knutepunktskulen

Alle skal s kje elektronisk p  vigo.no.

Den vidareg ande skulen sender liste over dei elevane som skal halde fram p  same skule, same utdanningsprogram og same type gruppe. Dei treng ikkje sende digitalt skjema, berre elektronisk s knad p  vigo.

Dei som skal bytte skule og/eller type gruppe, og ungdommar som ikkje er i vidareg ande skule inneverande  r, m  i tillegg til elektronisk s knad sende digitalt skjema.

D. Fortrinnsrett for s kjarar med vedtak om utvida tid    6-19, 6-32⁴

Elevar som har rett til spesialundervisning etter oppl ringslova   5-1 har rett til vidareg ande oppl ring i inntil to  r ekstra dersom eleven treng det for   n  oppl ringsm la. I brev fr  Udir 20.06.2014 st r det at det er to vilk r for rett til utvida tid:

- At eleven har **rett til spesialundervisning**, og at det ligg f re ei sakkunnig vurdering av eleven sine s rlege behov for oppl ring utover tre  r (sj  oppl ringslova kap. 5).
- Eleven m  ha **behov for meir tid** i vidareg ande oppl ring for   n  oppl ringsm la som er fastsett i IOP. Kravet er at eleven m  ha utbytte av meir vidareg ande oppl ring. Den sakkunnige vurderinga skal ta stilling til om eleven vil ha utbytte av utvida tid for   n  oppl ringsm la.

Retten gjeld ogs  elevar som har rett til oppl ring i og p  teiknspr k etter oppl ringslova   3-9, eller rett til oppl ring i punktskrift etter oppl ringslova   3-10. For desse elevgruppene gjeld ikkje kravet om   oppfylle vilk ra for spesialundervisning.

Du finn meir informasjon p  HFK si nettside (vlfk.no etter 01.01.2020).

Eleven s kjer *berre* elektronisk p  vigo.no, og f r vedtak om inntak i siste halvdel av mai.

⁴ Sj  oppl ringslova   3-1, 5. ledd og forskrift til oppl ringslova    6-19 og 6-32

2. Individuell behandling

Forskrift til opplæringslova kapittel 6 identifiserer nokre søkjarar som ikkje kan konkurrere med karakterar i inntaket. Ein skal ikkje rekne ut poeng, men inntaket skal skje ut i frå ei individuell behandling (sjå forskrift til opplæringslova §§ 6-22 til 6-26).

I denne gruppa er det tre søknadskategoriar:

A. Søkjarar til Vg1 som har rett til spesialundervisning og manglar vurdering med karakter i meir enn halvparten av faga § 6-22⁵

Vilkår for denne søknadskategorien er vedtak om spesialundervisning etter § 5-1 i opplæringslova.

Vedlegg til digitalt skjema

- Siste sakkunnig vurdering frå PPT-grunnskule, som gjeld for 10. trinn
- Enkeltvedtak om spesialundervisning for 10. trinn
- Siste IOP
- Fråsegn frå avgjevarskule om bakgrunn for søknaden og plan for vidare skulegang
- Karakterutskrift

Inntak med denne retten betyr at eleven vil mest sannsynleg få spesialundervisning på vidaregåande skule. Vurdering av retten til spesialundervisning krev tilvising til fylkeskommunal PP-tenesta.

Tilvisinga skal sendast i samarbeid med den vidaregåande skulen som eleven vil få plass på, i løpet av våren.

Søkjarar med mål om grunnkompetanse i ordinær klasse

Innhaldet i undervisninga vil variere etter eleven sine behov og interessefelt. Den vidaregåande opplæringa skal føre fram til studiekompetanse, yrkeskompetanse eller grunnkompetanse (sjå opplæringslova § 3-3). Ein del ungdomar vil, av ulike årsaker, vanskeleg kunne nå målet om full studie- eller yrkeskompetanse.

Mål om grunnkompetanse betyr at eleven, etter enkeltvedtak om spesialundervisning, får opplæring i ein skilde delar av fag/ein skilde fag etter gjeldande læreplan. For ein elev som skal ha tilbod om grunnkompetanse skal det utarbeidast individuell opplæringsplan. På den måten skal eleven sikrast eit kvalitativt dokumentert tilrettelagt opplæringstilbod. I kompetansebeviset vil ein sjå kva mål i læreplanen som er gjennomført og bestått.

Grunnkompetanse skal det kunne leggjast til rette for i alle utdanningsprogram og ved alle skular.

Organisering av undervisning i eiga gruppe (HT)

I hordalandsregionen kan ein organisere opplæringa i eiga gruppe (HT) etter vedtak om spesialundervisning. Desse gruppene er tenkt til elevar som har rett til spesialundervisning og som i utgangspunktet har mål om grunnkompetanse.

Læring gjennom praksis er ein sentral metode i slike grupper, og det blir lagt stor vekt på sosial læring og anna trening for framtidig arbeid. Elevane kan også få praksis i arbeidslivet.

For nokre elevar kan det vere aktuelt å ha heile opplæringsløpet i gruppa, for andre kan det vere aktuelt å gå over til ordinære grupper på Vg1 eller Vg2. Elevar i eiga gruppe som kan få grunnlag for vurdering med karakter i nokre fag, kan også få høve til det.

⁵ Sjå forskrift til opplæringslova §§ 6-22

Den sakkunnige vurderinga om rett til spesialundervisning frå fylkeskommunal PPT vil vere retningsgjevande for tilrettelegginga og innhaldet i opplæringa til den einkilde. Det vil bli utarbeidd IOP for kvar elev.

Elevane får dokumentert kva delar av læreplanen som er gjennomgått. Dersom det viser seg at eleven i løpet av skuletida klarar full kompetanse, kan opplæringsmålet endrast.

Lærekandidatordning

Elevar som har grunnkompetanse som mål kan bli lærekandidat. Det er eit praktisk utdanningstilbod i fylkeskommunen. Les meir på nettsida vår (www.vkfl.no etter 01.01.2020).

B. Søkjarar som av andre særlege grunnar må behandlast individuelt §§ 6-25 og 6-38⁶

Dette gjeld søkjarar som av andre særlege grunnar må behandlast individuelt. Vilkåra er **tungtvegande** grunnar for søknaden, og at søkjar har eit særleg behov for å bli behandla individuelt. Dette kan gjelde elevar som har ein kronisk sjukdom, eller av andre særlege grunnar ikkje har fått karakterar det siste året.

Elevar med nedsett høresel som ikkje søker inntak etter § 3-9 i opplæringslova, men som har behov for teknisk tilrettelegging og nytte av tolk i knutepunktskule eller i ein samarbeidsskule, kan søkje i denne kategorien.

Elevar med nedsett synsfunksjon kan søkje i denne kategorien.

Vedlegg til digitalt skjema

- Fråsegn frå avgjevarskule
- Karakterutskrift
- Ev. anna relevant dokumentasjon

C. Søkjarar til Vg2/Vg3 med enkeltvedtak om spesialundervisning eller planlagd grunnkompetanse § 6-35⁷

Denne gruppa gjeld elevar som får spesialundervisning og ikkje vurdering med karakterar i eitt eller fleire fag, eller som har planlagt eit grunnkompetanseløp. Dei kan bli tatt inn til neste nivå på same utdanningsprogram på grunnlag av individuell vurdering, og etter ei sakkunnig vurdering. Fylkeskommunen gjer ei heilskapleg vurdering om dette er forsvarleg ut i frå faglege føresetnader.

Alle skal søkje elektronisk på vigo.no.

Den vidaregåande skulen sender liste over dei elevane som skal halde fram på same skule, same utdanningsprogram og same type gruppe. Dei treng ikkje sende digitalt skjema, berre elektronisk søknad på vigo.

Dei som skal bytte skule og/eller type gruppe, og ungdommar som ikkje er i vidaregåande skule inneverande år, må i tillegg til elektronisk søknad på vigo sende digitalt skjema.

⁶ Sjå forskrift til opplæringslova § 6-25 for Vg1 og § 6-38 for Vg2/Vg3

⁷ Sjå forskrift § 6-35

D. Minoritetsspråklege søkjarar

Vilkår for inntak til vidaregåande opplæring:

1) Søkjaren har fullført norsk grunnskuleopplæring eller tilsvarande frå heimlandet (sjå § 6-13 i forskrifta). Kan ein ikkje dokumentere grunnskuleopplæring, skal *bustadkommunen* gjennomføre ein realkompetanse for å sjå om søkjaren kvalifiserer til inntak til vidaregåande opplæring. Dersom søkjaren ikkje er kvalifisert til inntak, er det kommunen som skal gi grunnskuleopplæring før eleven kan bli tatt inn til vidaregåande opplæring.

2) Søkjaren har lovleg opphald i Noreg. Lovleg opphald betyr som hovudregel at ein har fått innvilga fast eller mellombels opphald. Ein har også lovleg opphald dersom ein kan dokumentere at ein har klaga på avslag på opphaldsløyve. Elevar som er tatt inn i vidaregåande opplæring har ikkje rett til å fullføre skuleåret dersom søknad om opphald er avslått.

Følgjande søkjarar skal søkje 1. februar (sjå forskrift § 6-8): søkjarar med enkeltvedtak om særskild språkopplæring etter opplæringslova § 2-8 eller § 3-12

- søkjarar som nyleg er komne til Noreg og har
 - enten dokumentasjon om fullført grunnskuleopplæring frå heimlandet
 - eller har godkjent grunnskuleopplæring gjennom realkompetansevurdering frå kommunen (sjå forskrift § 6-24)

OBS! Alle søkjarar som ønskjer plass på innføringstilbod eller på eit tilbod tilrettelagt for minoritetsspråklege søkjarar må søkje innan 01.02.

Alle skal søkje elektronisk på vigo.no og fylle ut digitalt skjema på nettsida vår (vlfk.no etter 01.01.2020). Dersom søkjaren ikkje har norsk personnummer må søkjaren kontakte inntakskontoret for nærare informasjon.

Grunnskulen må også sende digitalt vurderingsskjema innan 01.06. Vidaregåande skular skal fylle ut eige skjema jf. fylkeskommunale rutinar.

Vedlegg til digitalt skjema 01.02.

- Dokumentasjon på opphaldsløyve eller kopi av søknad om opphaldsløyve
- Vedtak om særskilt språkopplæring frå 10. trinn (for søkjarar frå norsk grunnskule)
- Ev. sakkunnig vurdering om spesialundervisning (for søkjarar frå norsk grunnskule)
- Ved grunnskuleopplæring gjennomført etter realkompetansevurdering: stadfesting frå bustadkommunen
- Ved grunnskuleopplæring gjennomført i utlandet: Dokumentasjon på grunnskuleopplæring på norsk eller engelsk (formell omsetjing)

Minoritetsspråklege søkjarar kan søkje til eit ordinært Vg1-tilbod, til studiespesialiserande innføringstilbod, eller til Vg1-tilbodet som er tilrettelagt for minoritetsspråklege elevar (sjå søkjarhandboka for meir informasjon om tilboda). Søkjarane skal søkje til vigo.no, sende digitalt skjema innan 01.02 og skulane skal sende vurderingsskjema innan 01.06.

Kartlegging: For å kunne få plass på innføringstilbodet eller på eit tilbod tilrettelagt for minoritetsspråklege elevar, må søkjaren ha rett til særskild språkopplæring etter § 3-12. Fylkeskommunen skal kartlegge kva dugleik søkjaren har i norsk for å kunne fatte enkeltvedtak om særskild språkopplæring. Nye søkjarar til slike tilbod blir kalla inn i løpet av våren for kartlegging, før vedtak om inntak blir fatta.

Spesielle tilbud med frist 1. februar

Avdeling Kyrre og avdeling Valekrossen

Bergen Katedralskole, avd. Kyrre, og Kvinnherad vidaregåande skule avd. Valekrossen er skuletilbod for ungdom som er i behandling for psykiske vanskar. Elevane kan ikkje få utbytte av opplæring i ein ordinær skule, grunna vanskane. Søknaden skal registrerast på vigo.no innan 1. februar. I tillegg må det fyllast ut eit digitalt skjema om individuell behandling.

For meir informasjon, sjå hordaland.no eller skulen si heimeside.

Nettbasert opplæring, Fyllingsdalen vgs.

Fyllingsdalen vidaregåande skole tilbyr nettbasert opplæring for elevar som ikkje kan gjere seg nytte av ordinær undervisning på skulen grunna langvarig sjukdom, og som treng store organisatoriske avvik. Vilkår er at det ligg føre ei sakkunnig vurdering frå OT/PPT det det er tilrådd spesialundervisning i form av nettundervisning. Tilbodet gjeld for elevar med ungdomsrett som er motivert for å fullføre eit opplæringsløp med alle mål i læreplanen, og som har eit realistisk langsiktig mål om å oppnå studiekompetanse etter 23/5-regelen.

Elevene har elevstatus på skulen, dei skal framstille seg for vurdering, få terminkarakterar og standpunktkarakterar, og dei vert trekt ut til eksamen slik som andre elevar. Målet er at dei skal kunne gjennomføre eit planlagt opplæringsløp med stor grad av individuell tilpassing.

Det er ein føresetnad at elevar møter andre elevar og lærarar på Skype og andre digitale plattformer, og at eleven følger opp skularbeid og innleveringar etter ein plan. Det krev motivasjon og eleven må kunne arbeide sjølvstendig.

Tilbodet er for **eitt** skuleår om gongen, med krav om dokumentasjon i tråd med prosedyrane for spesialundervisning, t.d. årsvurdering.

For meir informasjon ta kontakt med Fyllingsdalen vidaregåande skole.

Korleis søkje?

1. Registrer søknad på www.vigo.no og vel rett søknadskategori
2. Fyll ut digitalt skjema:
 - **Fortrinnsrett**
 - **Individuell behandling** (inkl. minoritetsspråklege)

Sjå i tabellen (sjekklista) under for val av rett kategori.

Digitalt skjema ligg på nettsida vår (vlfk.no etter 01.01.2020).

Av omsyn til sakshandsaminga er det viktig at fristen blir halden.

Søknader som blir sendt inn etter fristen skal takast omsyn til så langt råd er, eventuelt handsamast som ein søknad om inntak til det etterfølgjande skuleåret (sjå forskrift § 6-8).

Når ein frist går ut på ein laurdag eller søndag, må søknaden vere send den næraste etterfølgjande yrkesdagen (sjå forskrift § 6-8).

Sjekkliste: søkjargruppe, digitalt skjema og vedlegg

SØKNADSKATEGORI	SKJEMA	VEDLEGG
1. Fortrinnsrett		
A. Til eit særskilt utdanningsprogram på Vg1	Digitalt skjema om inntak til vidaregåande opplæring for elevar med fortrinnsrett	1. Sakkunnig vurdering frå PPT (forskrift §6-16) 2. Enkeltvedtak om spesialundervisning 3. Sakkunnig vurdering etter § 5-3 4. IOP 5. Karakterutskrift
B. Søklar med sterkt nedsett funksjonsevne	Digitalt skjema om inntak til vidaregåande opplæring for elevar med fortrinnsrett	1. Enkeltvedtak om spesialundervisning 2. Sakkunnig vurdering etter § 5-3 3. IOP 4. Karakterutskrift
C. Søklar med rett til opplæring i eller på teiknspråk, og inntak til knutepunktskule	Digitalt skjema om inntak til vidaregåande opplæring for elevar med fortrinnsrett	1. Sakkunnig vurdering frå PPT (forskrift § 6-41) 2. Karakterutskrift 3. Ev. sakkunnig vurdering 4. Ev. enkeltvedtak om spesialundervisning 5. Enkeltvedtak om teiknspråkopplæring
D. Søklar med vedtak om utvida tid		INGEN
2. Individuell behandling		
A. Vg1 søklar med rett til spesialundervisning og som manglar vurdering med karakter i meir enn halvparten av faga.	Digitalt skjema om inntak til vidaregåande opplæring etter individuell behandling	1. Enkeltvedtak om spesialundervisning 2. Sakkunnig vurdering etter § 5-3 3. IOP 4. Fråsegn frå avgjevarskule 5. Karakterutskrift
B. Andre særlege grunnar	Digitalt skjema om inntak til vidaregåande opplæring etter individuell behandling	1. Fråsegn frå avgjevarskule 2. Karakterutskrift 3. Anna relevant dokumentasjon.
C. Vg2/ Vg3 søklar med enkeltvedtak om spesialundervisning eller planlagd grunnkompetanse	Digitalt skjema om inntak til vidaregåande opplæring etter individuell behandling <i>OBS! Berre ved endring av skule/program</i>	Fråsegn frå avgjevarskule

3. Minoritetsspråklege søkjarar

A. Minoritetsspråkleg søkjar frå norsk grunnskule	Digitalt skjema om inntak til vidaregåande opplæring etter individuell behandling 01.02. Vurderingsskjema 01.06.	1. Dokumentasjon på opphaldsløyve eller kopi av søknad 2. Vedtak om særskild språkopplæring frå 10. trinn 3. ev. sakkunnig vurdering om spesialundervising
B. Minoritetsspråkleg søkjar med vitnemål frå heimlandet eller realkompetansevurdering	Digitalt skjema om inntak til vidaregåande opplæring etter individuell behandling 01.02.	1. Dokumentasjon på opphaldsløyve eller kopi av søknad 2. Dokumentasjon på grunnskuleopplæring på norsk/engelsk eller 3. realkompetansevurdering

Inntakskontoret har i avgrensa grad tid til å kontakte søkjar/innsøkjande instans for å hente inn tilleggsopplysningar. Det er difor søkjar som må syte for, og har ansvaret for, at nødvendige og tilstrekkelege opplysningar følgjer søknaden. Søknadar som manglar ovannemnde vedlegg risikerer å bli avvist.